

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
078/22	Formannskapet	PS	07.09.2022
070/22	Heradsstyret	PS	14.09.2022
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	
	Eldrerådet	PS	
	Ungdomsråd	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Linda Judith Svidal Nordås	22/2015

Rullering av handlingsprogram for Idrett og fysisk aktivitet 2023 - 2026

Vedlegg:

Handlingsprogram for tildeling av spelemidler 2022 - 2025

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Handlingsprogrammet vert vedteke slik det ligg føre.

Formannskapet - 078/22

FS - behandling:

AVRØYSTING:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Handlingsprogrammet vert vedteke slik det ligg føre.

Heradsstyret - 070/22

HS - behandling:

Framlegg og votering kjem fram av voteringsprotokoll som ligg ved nedst i møteprotokollen

HS - vedtak:

Handlingsprogrammet vert vedteke slik det ligg føre.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Det ligg føre to krav for at Osterøy kommune skal få tildelt spelemidler i 2023: (1) Gyldig KDP Idrett og fysisk aktivitet, og (2) at handlingsprogrammet vert rullert årleg. Forslag til handlingsprogram ligg ved.

Bakgrunn

Ordinære anlegg

Osterøy IL sin rehabilitering av friidrettsbana på Hatland fekk tildeling i 2022, og er såleis ute av lista. Anlegga under vert difor flytta opp ein plass i forhold til i fjor.

Bytte av kunstgras i Fugledagen er meldt søknadsklar i år, og dei vert difor flytta opp på lista.

Hausvik FK har meldt inn behov for å oppgradere lysanlegget. Adminstrasjonen foreslår å sette inn denne oppgraderinga på 5. plass i årets handlingsprogram.

Osterøy IL har meldt tilbake at orienteringsgruppa deira er lagt ned. Det var to prosjekt på lista over ordinære anlegg som orienteringsgruppa hadde planer om. Adminstrasjonen føresler, i samråd med Osterøy IL, og ta orienteringsgruppa sine prosjekt ut av handlingsprogrammet. For ordinære anlegg gjeld dette (1) Orienteringskart Vare og (2) Orienteringskart Havrådalen/Rolland.

Nærmiljøanlegg

I 2022 fekk BOF tildelt midlar til friluftsområde på Bruvik/Eidsvika. Dei skal de bygge toalettfasilitetar, og planlagt byggstart er per 19082022 neste sesong. Dette prosjektet stod på 5 plass i fjor, og er difor ute av lista i år.

Osterøy kommune har ikkje motteke melding om nye anlegg som blir søknadsklare i haust.

Orienteringsgruppa i Osterøy IL hadde to prosjekt på handlingsprogrammet for nærmiljøanlegg. Dette gjeld (1) Nærmiljøkart Valestrandsfossen/Valestrandsmarka, og (2) Nærmiljøkart Bernesmarka/Fotlandsvåg. Begge prosjekta er teke ut av lista.

Vurdering

Det er henta inn oppdatert informasjon om alle anlegg på lista, og det har vore kontakt med lag og organisasjonar som adminstrasjonen kjenner til for å vurdere om dei blir søknadsklare i løpet av hausten. Summen av informasjonen som er henta inn, danner grunnlaget for endringane i handlingsprogrammet.

Idrettsrådet på Osterøy fekk handlingsprogrammet til uttale. Det var ikkje kome inn merknader frå dei innan frist. Evt merknader ettersendast.

Folkehelse: Å ha utvikling på anleggsfronten er viktig for god folkehelse.

Miljø: Det er hensiktsmessig at innbyggjarar i Osterøy kommune har tilgang på anlegg for å utøve fysisk aktivitet.

Økonomi: Det er krav om rullering av handlingsprogram årleg for å få tildeling med spelemidlar.

Konklusjon

Handlingsprogrammet vert vedteke slik det ligg føre.